



Sakshandsamar: Anne Sigrid Loftesnes Harjo
Telefon: 57 64 31 46
E-post: fmsfash@fylkesmannen.no

Vår dato
29.10.12

Vår referanse
2012/4217
Rapportnummer
2012.085.I.FMSF

Henrik Rosenlid
6795 Blaksæter

Informasjon om verksemda

Namn på verksemda: Henrik Rosenlid	Organisasjonsnr. (bedriftsnr.): 987337257
Stad og kommune: Blaksæter, Stryn kommune	Kontrolldato: 03.10.12
Postadresse: 6795 Blaksæter	Anleggsnr. (internt nr.): 1449.0046
	<input type="checkbox"/> ISO 14001-sertifisert <input type="checkbox"/> EMAS-registrert

Informasjon om kontrollen

Kontaktperson i verksemda: / tlf. / epost: Henrik Rosenlid	Frå miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen: Torunn G. Hønsi og Anne Sigrid Loftesnes Harjo
Desse hovudtema vart kontrollert: <input checked="" type="checkbox"/> Internkontroll (ytre miljø) <input checked="" type="checkbox"/> Miljørisikovurdering <input checked="" type="checkbox"/> Utslepp til luft eller vatn <input checked="" type="checkbox"/> Støy <input checked="" type="checkbox"/> Løyvet med vilkår <input checked="" type="checkbox"/> Forskriftskrav <input checked="" type="checkbox"/> Miljøsanering av kasserte køyretøy	<input checked="" type="checkbox"/> Forsøpling og ureining til omgjevnader <input checked="" type="checkbox"/> Fast dekke og oljeavskillar <input type="checkbox"/> Avfallshandtering ordinært avfall <input checked="" type="checkbox"/> Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering) <input type="checkbox"/> Handtering og bruk av kjemikalier <input type="checkbox"/> Datablad
Bakgrunn for kontrollen: <input checked="" type="checkbox"/> Kontrollaksjon	

Hovudfunn frå kontrollen

Det vart påvist **4** avvik. Avvik er nærare omtalt frå side 4 i dette skrivet.

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får attendemelding om faktiske feil eller mistydingar innan 2 veker atter at rapporten er motteke. Fylkesmannen vedtek med dette at verksemda skal betale eit **kontrollgebyr på kr. 4 500,-** for kontrollen. Innbetalingsblankett vert sendt frå Klima- og forurensningsdirektoratet (Klif) etter klagefristen har gått ut. De har frist til **30.11.12** for å gje skriftleg tilbakemelding og sende inn dokumentasjon på kva tiltak de har sett i verk for å lukke avvik omtalt i rapporten.

Fylkesmannen pålegg verksemda om straks å få miljøsanert alle bilvrak som står utanfor fast dekke, få dei pressa og sendt inn til godkjent sluttbehandlar. Dersom lagringa har medført ureining i grunnen må ureina massar gravast opp og leverast godkjent mottak. Fristen for innsending av dokumentasjon på at dette er gjort vert sett til **31.12.12.**

Vi takkar for ei grei gjennomgang hjå verksemda.

Med helsing

Torunn G. Hønsi
senioringeniør

Anne Sigrid Loftesnes Harjo
overingeniør

Om kontroll frå ureiningstilsynet

Rapporten er utarbeidd etter kontroll ved **Henrik Rosenlid den 03.10.12.**

Kontrollen vart gjennomført for å følgje opp ein landsdekkande kontrollaksjon frå 2011, retta mot biloppsamlingsbransjen. Vi intervjuar leinga i verksemda og granska dokument og gjennomførte verifikasjon av området. Rapporten inneheld omtale av kontrollen og dei avvik som vart avdekt. Vi vil gjere merksam på at ikkje alle sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og iverksetje nødvendige tiltak. Miljøvernmyndigheitene kan kome att og kontrollere andre forhold ved verksemda ved eit anna høve.

Definisjonar:

Avvik	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleiksløvgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrolllova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine eigne rutinar som er nødvendige for å støtte styresmaktene sine krav.)
Merknad	Tilhøve som tilsynsetatane meiner det er nødvendig å peike på for å ivareta helse, miljø og tryggleik, og som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik. (Brot på eigne rutinar som inneheld strengare krav enn lovkrava, kan verte omtala som merknad.)

Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar å rette opp avvika som er omtalt i rapporten så snart som råd. Verksemda må også gå nøye gjennom eventuelle merknader og vurdere kva for tiltak som er aktuelle og nødvendige for å tilfredsstille krav etter HMS-lovgjevningen. Merknader kan gi grunnlag for pålegg.

For å kunne kontrollere at avvika er retta opp, ber vi om at verksemda skriftleg melder attende at tilhøve er kome i orden, og at ein gjer greie for dei gjennomførte eller planlagde tiltaka innan 30.11.12. Frist for å få fjerna alle bilar som ikkje er miljøsanerte og som står utafor fast dekke vert satt til 31.12.12. Fylkesmannen ventar at verksemda legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak, t.d. bilete, kopi av deklarasjonsskjema, kopi av rutinar for handtering av farleg avfall, prøvetaking o.a. Fylkesmannen varslar også at vi vil komme på ny kontroll etter at fristen for opprydding har gått ut.

Viktige miljøkrav til biloppsamlingsplassar

1. Bilvrak skal miljøsanerast og ei lang liste med komponentar og væsker skal fjernast frå bilvraket for å unngå ureining av miljøet og for å kunne attvinnast.
2. Plikt til å hindre ureining av miljøet frå sin aktivitet. Ein skal unngå væskelekkasje, og bilvrak og bildelar med risiko for lekkasje skal lagrast og handterast på fast dekke. Avrenning frå fast dekke skal gå til lukka tank eller via rett dimensjonert oljeavskiljar. Området skal vera inngjerda og avstengt, ein skal unngå forsøpling. Støyande aktivitet skal avgrensast til normal arbeidstid, om ikkje anna er tillat.
3. Farleg avfall skal handterast forsvarleg og i tråd med *Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall* (avfallsforskrifta) kapittel 11. I tillegg er det regelverk knytt til bestemte typar farleg avfall.

Vi gjer merksam på at ei fullstendig oversikt over miljøoverket verksemda må drive etter kan ein finne på www.lovdato.no eller vist til frå www.klif.no (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden www.regelhjelp.no.

Vedtak om gebyr for kontroll

Verksemder skal betale gebyr for kontroll frå Fylkesmannen, jf. forskrift om begrensning av forurensning (ureiningsforskrifta) § 39-3. Gebyret skal dekkje kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Gebyrsatsar for kontroll hjå verksemder med utsleppsløyve er fastsett i ureiningsforskrifta § 39-6. Det vart informert om gebyret under tilsynet.

Fylkesmannen vedtek med dette at Henrik Rosenlid skal betale eit gebyr på kr. 4 500,- (sats 4) for den gjennomførte kontrollen.

Faktura med innbetalingsblankett vert ettersendt frå Klif. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato. Vedtaket om gebyr kan påklagast til Klif, jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker etter at vedtaket gjeld. Ev. klage bør vere skriftleg grunngjeven og den skal sendast via Fylkesmannen som vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein ev. klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og det gebyret som er fastsett ovafor må betalast inn. Dersom klageorganet tek klagen til følgje, blir for mykje innbetalt beløp refundert.

Varsel om plassering i risikoklasse

På bakgrunn av det observerte antal samtidig lagra kasserte kjøretøy og tal på registrert motteke antal kjøretøy pr. år, vurderer vi å plassere verksemda i **risikoklasse 4**.

Klassifiseringa vil ikkje ha noko å seie for behandling av ev. søknadar, men vil seie at gebyr for ein inspeksjon eller revisjon går fram av § 39-6 (kontroll som varer inntil ein dag) eller § 39-8 (systemrevisjon). Ein kan rekne med rutinemessig inspeksjon kvart 3. år i form av systemrevisjon eller dagsbesøk. I tillegg vil det kome inspeksjonar på grunn av hendingar, koordinerte aksjonsformar eller andre særskilde grunnar.

Vedtak om risikoklasse vil verte gjort som løyveendring, seinast i samband med ev. endring av ramme for antal mottekne bilvrak.

Offentlegheit av rapport

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

Avviksformuleringar av funn ved Henrik Rosenlid

Avvik 1 Ikkje miljøsanerte bilar vert lagra utafor fast dekke

Avvik frå: *Avfallsforskrifta § 4–7 vedlegg 1, løyvet av 28.11.2005 punkt 2.2*

På kontrolldagen talte Fylkesmannen at verksemda hadde 45 bilar som ikkje var miljøsanerte lagra på området utafor fast dekke. Desse bilvraka representerer ein betydeleg risiko for å lekke miljøfarlege væsker til grunnen. Av omsyn til fare for lekkasje ved mellomlagring, skal miljøfarlege væsker og delar/komponentar som inneheld miljøfarlege væsker fjernast frå vraka så raskt som mogleg etter innlevering (jf. løyvet punkt 2.2). Ei slik lagring av ikkje miljøsanerte bilvrak er ulovleg.

Fylkesmannen ser svært alvorleg på at tal bilar som ikkje er miljøsanert har hopa seg opp for verksemda og at så mange ikkje miljøsanerte bilar står utanom fast dekke. Verksemda har ikkje varsla fylkesmannen om dette ekstraordinære driftstilhøvet. Vi varsla munnleg under tilsynet at vi kom til å krevje at dette ulovlege forholdet vart rydda opp i.

Fylkesmannen pålegg verksemda om straks å få miljøsanert alle bilvrak som står utanfor fast dekke, få dei pressa og sendt inn til godkjent sluttbehandlar. Dersom lagringa har medført ureining i grunnen må ureina massar gravast opp og leverast godkjent mottak. Fristen for innsending av dokumentasjon på at dette er gjort vert sett til 31.12.2012. Pålegget er gitt med heimel i ureiningslova § 73, jf. avfallsforskrifta § 17-6. Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast i følgje forvaltningslova § 28. Klagefristen er 3 veker etter vedtaket er motteke jamfør forvaltningslova § 29.

Vi varslar i tråd med forvaltningslova § 16 at vi vil fatte vedtak om tvangsmulkt for å sikre gjennomføringa av pålegget, slik at det ulovlege forholdet vert retta opp snarast råd. Vedtaket vil gå ut på at ei tvangsmulkt på kr: 1500,- kr pr. ikkje miljøsanert bil utanfor fast dekke må betalast dersom ikkje dokumentasjon er sendt oss innan 31.12.12 om at slik oppbevaring av bilvrak har opphøyr. Heimelen for bruk av tvangsmulkt er ureiningslova § 73, jf. avfallsforskrifta § 17-6.

Fylkesmannen varslar at vi vil komme på ny kontroll hjå verksemda etter fristen for opprydding har gått ut.

Avvik 2 Tal på mottekne kjøretøy er større enn ramma i løyvet

Avvik frå: *Løyvet av 28.11.2005 punkt 0 (ramme for løyvet)*

Kommentar:

På kontrolldagen var det lagra 72 bilar inne på fast dekke, av desse var 47 usanert og 25 sanerte og pressa. 45 usanerte bilar var lagra på området utanom fast dekke. Totalt var det lagra 117 bilar samtidig på området. Ramma i løyvet er på 120 upressa og pressa bilar samtidig. Verksemda har rapportert 532 mottekne bilvrak i 2011. Ramma i løyvet for mottak og handsaming er 300 bilvrak pr.år. Verksemda fekk ved inspeksjon i 2009 merknad på at talet på mottekne kjøretøy var over ramma i løyvet. Fylkesmannen vil be verksemda om å søke om ei utvida årsramme for mottak av kjøretøy. Antal lagra bilvrak på plassen er nær ramma i løyvet. Mottaket har eit avgrensa areal, slik at talet på samtidig lagra bilvrak truleg ikkje kan aukast.

Avvik 3 Verksemda manglar oljeutskiljar

Avvik frå: *Avfallsforskrifta § 4–7 vedlegg 1, løyvet av 28.11.2005 punkt 1.3 (tilrettelegging og drift)*

Kommentar:

Verksemda har ikkje oljeutskiljar, men ein 1000 liter ADR-godkjent tank som kan samle opp. Fylkesmannen vil ved endring av løyvet setje krav om installering av oljeutskiljar, jf. ureiningslova §§ 7, 11 og 18. Oljeutskiljar er ein føresetnad for god drift og kontroll på utslepp av oljeinnhald i utgåande reinsa vatn. Krav satt i løyvet av 28.11.2005 pkt. 1.3, er at oljeutskiljar og sandfang skal fungere, drivast og haldast vedlike i samsvar med krav regulert i § 15-7 i ureiningsforskrifta kapittel 15 om utslipp av oljehaldig avløpsvann.

Avvik 4 Verksemda overheld ikkje leveringsplikta for farleg avfall

Avvik frå: *Avfallsforskrifta § 11-8*

Kommentar:

Verksemda har avtale for henting av farleg avfall men kunne ikkje vise til ein årleg levering for alle avfallsfraksjonar t.d. sprayboksar. Det er eit minimumskrav at farleg avfall skal leverast årleg dersom den totale mengda farleg avfall overstiger 1 kg. Verksemda må lage seg rutinar på handtering av farleg avfall som sikrar at alt farleg avfall vert levert til godkjent mottakar årleg.